

---

**JORDSKIFTERETTSLEIARANE I  
EIDSIVATING JORDSKIFTEDØME**

---

Landbruks- og matdepartementet

postmottak@lmd.dep.no

Arkivnummer

Vår referanse  
142/2015

Vår dato  
2.3.2015

**Merknader til endringsforslag av lov 21. juni 2013 (jordskiftelova)**

Det vises til høringsbrev av 28.1.2015, dykkar ref. 15/140-.

I høringsbrevet blir det bedt om merknader til forslag til endring av § 6-21. Det blir også bedt om innspel til openbare feil som bør rettast i lova.

Vår merknad og våre innspel går fram av vedlagte notat.

For jordskifterettsleiarane og jordskifteoverrettsleiar i Eidsivating jordskiftedøme



Ivar R. Haugstad  
jordskifterettsleiar  
Øvre Buskerud jordskifterett  
Tlf. direkte innvalg: 32029082  
Epost: ivar.haugstad@domstol.no

Vedlegg: Notat av 2.3.2015

*Brevet med vedlegg sendes bare som e-post*

---

---

# JORDSKIFTERETTSLEIARANE I EIDSIVATING JORDSKIFTEDØME

---

Landbruks- og matdepartementet

## Notat

Vår dato  
2.3.2015

### Lov 21. juni 2013 (jordskiftelova)

#### *Merknad til forslag til endring av § 6-21*

##### Vårt forslag til endring av ordlyden i § 6-21 første ledd

Før retten tek jordskifteavgjerd etter § 6-23 fjerde ledd bokstav b, f og h, skal retten utarbeide forslag som viser resultatet av jordskifteavgjerda, og forslaget skal leggjast skriftleg fram for partane.

##### Vår grunngjeving for endring av ordlyden

Forslaget går ut på å endre det første ordet frå *Når* til *Før*. Det vil slik bli meir presist på kva steg i prosessen forslag til jordskifteavgjerd skal sendast partane for uttale.

#### *Våre innspel til feil som bør rettast i den nye lova*

Innspela gjeld i hovudsak tydeleggjering/presisering av lovtekst i samsvar med gjeldande rett og lovforarbeidet. Vi understreker at endring av §§ 3-7 og 3-8 bør prioriterast, og da særlig § 3-7.

#### **1. Merknad til § 3-7**

##### 1.1 Ordlyd i jordskiftelova av 2013

##### § 3-7 Deling av eigedom

Jordskifteretten kan dele og forme ut ein eigedom med tilhøyrande bruksrettar etter eit fastsett høvetal.

##### 1.2 Vår grunngjeving for endring av ordlyden

- Paragrafen er meint å erstatte gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstavane
  - f) *forme ut og dele eigedomane når grunn og rettar skal avhendast i samsvar med formålet i lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord.*
  - g) *dele ein eigedom med tilhøyrande rettar etter eit bestemt verdiforhold.*
- Slik framlegget til lovtekst ligg føre er det berre bokstav g som er vidareført.
- Innhaldet i båe bokstavane vart føreslege vidareført i høyringsutkastet (§ 3-8).
- Ingen høyringsfråsegn hadde merknader til denne del av utkastet.
- I Prop. 101 L (2012-2013)

s. 135: *Departementet meiner at jordskifteretten bør kunne dele og nyutforme landbrukseigedom i samband med sal av tilleggsjord slik løysinga er i dag etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav f...*

s. 425: *Ordlyden i lovforslaget § 3-7 er henta noko nær ordrett frå gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav g, og paragrafen er meint å føre denne regelen vidare. Paragrafen skal dessutan dekkje situasjonen der jordskifteretten deler landbrukseigedom som skal nyttast som tilleggsjord, jf. gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav f.*

s. 426: *Ein avtale som ikkje gir jordskifteretten noko slingringsmon å ta stilling til, eller der det ikkje er tvil om kvar grensa skal gå, er ikkje omfatta av omgrepet «etter eit bestemt høvetal». Dette kan for eksempel vere ein avtale om at kvar av partane skal ha kvar sin teig.*

Om dagens bruk av bokstav f og behovet for heimelen:

Jordskifterettane har mange saker heimla i bokstav f (om lag 100 pr. år). Deling av landbrukseigedomar er ofte komplisert. Teigar skal delast, nye grenser skal etablerast, gamle grenser fjernast, nye og gamle rettar og plikter (fiskerett, sameigerett, beiterett, vegrett, rett til framføring av straum, rett til infiltrasjon, gjerdehald, vegvedlikehald osv.) skal fordelast, det skjer overføring av heimlar, samanføyning av eigedomar mm. Deling av landbrukseigedomar vil halde fram/auke på, jf. også endringa i jordlova § 12.

Vi meiner det er avgjerande at den nye paragrafen også tydeleg omfattar gjeldande bokstav f. Det er i lovforarbeidet meint at denne heimelen skal vidareførast. Det er viktig at jordskifterettens kompetanse går klart fram av lovteksten.

### 1.3 Vårt forslag til § 3-7

#### § 3-7 Deling av eigedom

Jordskifteretten kan dele og forme ut

- a) eigedomane når grunn og rettar skal avhendast i samsvar med formålet i lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord.
- b) ein eigedom med tilhøyrande bruksrettar etter eit fastsett høvetal.

## **2. Merknad til § 3-8**

### 2.1 Ordlyd i jordskiftelova av 2013

#### § 3-8 Reglar om sambruk (bruksordning)

Jordskifteretten kan gi eller endre reglar for eksisterande sambruk mellom eigedommar. Jordskifteretten kan skipe sambruk og gi reglar om sambruk der det ikkje er sambruk frå før, dersom det er særlege grunnar for det. ...

### 2.2 Vår grunngjeving for endring av ordlyden

- Paragrafen er meint å erstatte gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav c pkt. 1 og 2:
  1. *gi reglar om bruken i område der det er sambruk mellom eigedomar.*
  2. *gi reglar om bruken i område der det ikkje er sambruk mellom eigedomar, når jordskifteretten finn at det ligg føre særlege grunnar.*
- I føreliggjande lovforslag er *bruken* erstatta med *sambruk*. Slik framlegget til lovtekst ligg føre, vil individualisering av bruk ikkje bli vidareført
- I høringsutkastet (§ 3-11) er *bruken* føreslege vidareført.
- Ingen høringsfråsegn hadde merknader til denne ordbruken.
- I Prop. 101 L (2012-2013)

s. 426: *Paragrafen gjeld sambruk. Jordskifteretten får eit verktøy for å ordne bruken innan eit bestemt område. Det aktuelle området kan leggjast ut slik at berre ein eigedom får ein bestemt rett på ein del av sambruksområdet. I andre høve kan sambruken leggjast ut slik at fleire*

*eigedommar har felles og likearta bruk av området ... Første ledd første punktum fører vidare heimelen i gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav c nr. 1 ... Andre punktum fører vidare vilkåret i gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav c nr. 2.*

Lovforarbeidet syner at meininga er vidareføring av gjeldande § 2 første ledd bokstav c pkt. 1 og 2, men lovteksten harmonerer ikkje godt med slik vidareføring. Det er forskjell på å gje reglar om *sambruk* og å gje reglar om *bruken*. Som nemnd, vil ei individualisering ikkje vera positivt heimla etter forslaget slik det no ligg føre. Nokon slik innsnevring synes ikkje å vera tilsikta. For å tydeleggjera vidareføringa, meiner vi det er nødvendig med ei endring av overskrifta på paragrafen, samt første og andre punktum i første ledd.

I tillegg meiner vi at ordet *tilsvarande* må føyast til i andre punktum i tredje ledd. Dette er ei nødvendig presisering av meiningsinnhaldet.

### 2.3 Vårt forslag til § 3-8

#### § 3-8 Reglar om bruk og sambruk (bruksordning)

Jordskifteretten kan gi eller endre reglar for bruken i område der det er sambruk mellom eigedomar. Jordskifteretten kan gi eller endre reglar om bruken der det ikkje er sambruk frå før, dersom det er særlege grunnar for det.

§ 3-8 tredje ledd andre punktum:

Første og andre ledd gjeld tilsvarende for skiping av sambruk i uteareala til eigarseksjonar.

### **3. Merknad til § 3-13**

#### 3.1 Ordlyd i jordskiftelova av 2013

##### § 3-13 Eigedoms- og bruksrettstilhøva

Jordskifteretten skal fastsetje eigedomsrettstilhøva og bruksrettstilhøva slik dei er.

#### 3.2 Vår grunngjeving for endring av ordlyden

- Paragrafen er meint å vidareføre §§ 16 og 17 i gjeldande lov.

Heimel for rettsavklaring:

*§ 16. Jordskifteretten skal klarleggje grensene for skiftfeltet. Ulaglege grenser mot granneeigedom prøver retten å få regulert gjennom minneleg makeskifte. Når ein ikkje fram til slik semje, kan jordskifteretten regulere grensene på den måten han meiner er mest tenleg for dei eigedomane det gjeld.*

*Retten må få grensene mellom eigedomane innbyrdes på det reine, og han må få klarlagt, så nøye som råd er, eigedomstilhøva og alle rettar og tyngsler som kviler på feltet.*

*Jordskifteretten kan om det trengst av omsyn til jordskiftet, fastsette slike grenser som er nemnde i lov 15 mars 1940 nr. 3 om vassdragene §§ 2, 3 og 4.*

Heimel for tvistebehandling:

*§ 17. Tvist om grenser, eigedomsrett, bruksrett eller anna innan skiftfeltet eller med utanforståande skal jordskifteretten, om det trengst av omsyn til jordskiftet, avgjere ved dom.*

*Tvist i rettsutgreiingssak og grensegangssak skal avgjerast ved dom.*

...

- I Prop. 101 L (2012-2013)
  - s. 202: *Rettsutgreiing, så langt det er nødvendig for å halde jordskifte, er heimla i lovforslaget § 3-13.*
  - s. 203: *I jordskifte har jordskifteretten ein vidare kompetanse til å gjera rettsutgreiing fordi det kan vere nødvendig for å halde jordskifte, sjå lovforslaget § 3-13. Meininga med lovforslaget er at jordskifteretten framleis skal kunne avgjere kven som har eigedomsrett, eller bruksrett, eller kva innhald retten har.*
  - s. 430: *Første ledd byggjer på gjeldande jordskiftelov § 16. ... Om det trengst av omsyn til jordskiftet, skal jordskifteretten etter gjeldande jordskiftelov § 17 første ledd avgjere ved dom*

*tvist om grenser, eigedomsrett, bruksrett eller anna innan skiftefeltet eller med utanforståande. ... Rettstilhøva vil i dei fleste tilfelle naturleg avgrensast til å gjelde bruksrettar av ulike slag, eigedomsrett og liknande. Det er desse rettstilhøva lovforslaget, som etter gjeldande rett, gir jordskifteretten heimel til å fastsetje. ...Meininga er at jordskifteretten må ta stilling til alle rettstilhøve som har noko å seie for jordskifteløysinga.*

Vi meiner at lovteksten må ha ein tydeleg heimel for jordskifteretten til å avgjera tvistar som det er nødvendig å avklare av omsyn til jordskifteløysinga, slik det er formulert i gjeldande § 17. I lovforarbeidet er det meint at gjeldande heimel skal først vidare. Difor er det nødvendig at § 3-13 blir tydlegare. Vi gjer framlegg om nytt andre ledd (andre ledd i forslaget blir då tredje ledd).

### 3.3 Vårt forslag til § 3-13

#### § 3-13 Eigedoms- og bruksrettstilhøva

Jordskifteretten skal fastsetje eigedomsrettstilhøva og bruksrettstilhøva slik dei er.

Tvist om grenser, eigedomsrett, bruksrett eller anna innan jordskifteområdet eller med utanforståande skal jordskifteretten, om det trengst av omsyn til jordskifteløysinga, avgjera.

Dersom partane er samde om heile eller delar av grunnlaget for jordskifteløysinga, kan jordskifteretten byggje på denne semja.

## **4. Merknad til § 3-18**

### 4.1 Ordlyd i jordskiftelova av 2013

#### § 3-18 Vern mot tap

Jordskifteløysinga skal ikkje føre til at kostnadene eller ulempene blir større enn nytten for nokon eigedom eller bruksrett.

#### 4.2 Vår grunngjeving for endring av ordlyden

- Paragrafen er meint å vidareføre meiningsinnhaldet i gjeldande jordskiftelov § 3 bokstav a.  
*§ 3. Jordskifte kan ikkje fremmast*  
*a) Dersom kostnadene og ulempene blir større enn nytten for kvar einskild eigedom.*
- I Prop. 101 L (2012-2013)  
s. 433: *Formuleringa "kostnadene eller ulempene" i lovforslaget skal forståast på same måte som i gjeldande jordskiftelov § 3 bokstav a.*

Vernet mot tap etter gjeldande lov skal vurderast med omsyn til både kostandene og ulempene. Vi meiner det blir tydlegare meiningsinnhald i lovteksten ved å endre *eller* til *og*.

### 4.3 Vårt forslag til § 3-18

#### § 3-18 Vern mot tap

Jordskifteløysinga skal ikkje føre til at kostnadene og ulempene blir større enn nytten for nokon eigedom eller bruksrett.

## **5. Merknad til § 3-20 tredje ledd**

### 5.1 Ordlyd i jordskiftelova av 2013

#### § 3-20. Utlegging av grunn og bruksrett

Jordskifteløysinga kan gå ut på å byte grunn mot grunn, bruksrett mot bruksrett, grunn mot bruksrett og bruksrett mot grunn.

Jordskifteløysinga kan gå ut på å byte grunn eller bruksrettar mot pengar eller andre verdiar dersom det ikkje let seg gjere å leggje ut eigedommane eller bruksrettane etter første ledd.

Jordskifteretten kan bruke pengar for å kompensere for ulik opparbeidingsgrad.

### 5.2 Vår grunngjeving for endring av ordlyden

Ordlyden er upresis. I tillegg kan formuleringa "Jordskifteretten kan bruke pengar" misforståast som at det er retten sjølv som kan bruke pengar, ikkje partane.

### 5.3 Vårt forslag til § 3-20 tredje ledd

Det kan brukast vederlag i pengar for å kompensere for ulik opparbeidingsgrad av areal som byter eigar.

## **6. Merknad til § 3-33 første ledd**

### 6.1 Ordlyd i jordskiftelova av 2013

#### *§ 3-33. Fare for elvebrot, skred, sandfok og liknande*

Der det er fare for elvebrot, skred, sandfok og liknande, skal jordskifteretten om det ikkje er mogleg å ta omsyn til det i sjølve jordskifteløysinga, fastsetje nødvendig førebyggingsarbeid eller andre tryggingstiltak og gi reglar om korleis kostnadene med arbeidet og vedlikehaldet skal delast. Er det ikkje teke omsyn til faren i jordskifteløysinga, skal jordskifteretten gi reglar for det tilfellet det blir skade, og først og fremst om korleis skaden skal delast.

Når det er gitt reglar etter første ledd, kan skadelidne krevje hjelp av jordskifteretten til å jamne ut skaden, om ikkje anna er fastsett og partane ikkje blir samde. For slike saker gjeld reglane i kapittel 6 så langt dei høver.

### 6.2 Vår grunngjeving for endring av ordlyden

Ordlyden "deling av skade" er upresis.

### 6.3 Vårt forslag til § 3-33 første ledd

Der det er fare for elvebrot, skred, sandfok og liknande, skal jordskifteretten om det ikkje er mogleg å ta omsyn til det i sjølve jordskifteløysinga, fastsetje nødvendig førebyggingsarbeid eller andre tryggingstiltak og gi reglar om korleis kostnadene med arbeidet og vedlikehaldet skal delast. Er det ikkje teke omsyn til faren i jordskifteløysinga, skal jordskifteretten gi reglar for det tilfellet det blir skade, og først og fremst om korleis kostnadene ved nødvendig utbetring av skaden skal delast.

## **7. Merknad til § 9-7 første ledd punkt 7 (om endring av § 7 andre ledd første punktum i servituttlova):**

### 7.1 Ordlyd i jordskiftelova av 2013

I slike høve skal eigaren, svara vederlag i jord, rettar eller pengar.

### 7.2 Vår grunngjeving for endring av ordlyden

Kommaet etter "eigaren" har ingen funksjon.

### 7.3 Vårt forslag til § 7 andre ledd første punktum i servituttlova

I slike høve skal eigaren svara vederlag i jord, rettar eller pengar.